

Litt frå Kviteseid i krigsåra 1940-45

Spjotsodd broi innvasjonsdagen 9. april

Eg var nede ved flytebroi ved Spjotsodd i kveldingi den dagen. Då var der trafikk. Bil etter bil køyrde tett etter kvarandre, alle full-lasta med folk i alle alderar. Lasteroma var fulle med pargas. I eit stakk opp ein liten båt av tre. Eg blei ståande til bortimot midnatt og trafikken var like stor og alle køyrde mot Vrådal.

Dagen etter gav lensmann Johan Sandvik ordre om vakt ved broi. Han hadde visst fenge ordren frå Drammenskanten. Desse var tekne ut til vakt: Olav Sørkås, Olav Haugan og Lars Larsen jr. Gevær (krag) og amunisjon fekk dei av Strauman skyttarlag. Andre dagen trekte Olav Haugan seg. Han måtte heim til våronni. Eg måtte ta jobben etter han. Og so stod me der då, sivilkledde med skarpladde våpen i nokre dagar til Johan Sandvik kom og sa: «Det er nok best eg fær våpeni og sender dei til Vinje. Hae tyskarane kome og sett dikkon stå der siville, hadde de blitt skotne ned.»

Dagen etter kom eit lite lag frå Seljordkanten. Eg trur dei var 6 mann. I laget var Knut Ånonsen frå Seljord. Han kjende eg frå Telemark Folkehøgskule i Kviteseid. Eg var der ute som sivil. Laget heldt til i Setflot skulestoge, men leiaren budde i Setflot posthus. Han var so nervøs at han stoppa veggeklokka for å få sova. «Me skyt han,» sa Knut, «for han er nasist». Det vart det no ikkje noko av, men eg hørde seinare at han vart teken på Rjukan.

Laget rigga seg ei stilling på andre sida av broi, ved Straumhaug. Dei hadde eit Madsen Mg, men elles bare kragar. Dagen etter vart dei trekte attende for då kom tyskarane. Dei hadde ei einaste motorvogn. Eg var der den dagen òg.

Læraren min, Hallvard Lid, som var gamal militær, og eg stod på skuletonet og såg dei køyrde over broi. Då banna den gamle militære. Det var einaste gongen eg høyrde han banna.

Det tok ikkje lang tid etter kapitulasjonen før tyskarane tok folkehøgskulen av Jakob Naadland, som vart skulelaus so lenge krigen varde. I staden vart det «frontkjemparskule» der dei vart lærde til ivitaka ymse viktige stillingar når dei hadde vunne krigen.

Då me ivitok folkehøgskulen etter frontkjemparane, fann me desse lærebøkene: «Håndbok for lensmenn», og dei tre fyrste bandi av Ole Johannesen: «Praktisk reknebok frå 1926».

Det var mykje uro i bygdi den tidi frontkjemparane var her. Dei snoka nokon kvar stad, so ein var aldri sikker.

Ein gong var det ein artig episode. Frontkjemparane skulle hava eit stort stemne og stod på rekkje og venta. Best som det var, kom ein stor gris ruslande frå fjøset oppetter mot dei høge herrane!

Då den store rassianen kom mot slutten av krigen, vart mange tekne og førde til frontkjemparskulen. Der vart dei avhøyrde og torturera og transportera til Grini. Nokre fekk røme.

I boki: «Me ville vera med», er Hans Kosi utegløymt.

Ein slik plass var Klokka ti-nuten. Der såg ein ivi mykje av Kviteseid.

Frå 1940 til 1945

Sigmund Lindestad var aktivt med i Heimestyrkane, mest som ordonans for Torjus Loupedalen. Det var han som førde meg i kontakt med Torjus Loupedalen for transport til Hardangervidda. Det var endå borte ved Skreeåi ved Nordskog. «De æ visst ikkje våpenlause hera,» sa han, «eg fór akkurat forbi ei rifle i ei lurveggran her nede.» Ein gong tok Sigmund mot ein russisk rømling i Kviteseid-kleivane. Det var Torgeir Straand og Jon Fjone som kom med rømlingen. Deretter rodde Sigmund og Jon Fjone rømlingen frå Spjotsodd og inn til Fikjan ved prestegarden for vidare sending.

Ein gong i slutten av krigen fekk Sigmund stoppa ein rassia på rutebåten ved Spjotsodd. Han hadde blitt kjend med ein tysk offiser på posthuset og bryggja.



På flotebrui ved Smeodden kom tyskarane over i 1940.

Ein kveld fortalde offiseren at det skulle bli rassia på rutebåten på nedtur dagen etter ved Spjotsodd.

Uppe ved Litveit låg ei lense med timmer som skulle ned til nybroi som var under bygging. Sigmund fekk ordna det slik at lensa gjekk sund og timmeret flaut utivi mot Lyngodden og stengde heile båtløpet so båten måtte vente ei lang stund og heile rassian vart avblåsen.

Dette fortalde Sigmund meg etter krigen.

Straumanfolk hadde rømde russiske fangar i skogen ovom husi ei stund under krigen. Dei vart «mata» på visse stader til ein fekk betre kontakt med dei. Tannlege Koren Dahl var upp og prata med dei. Han kunne tysk og det kunne dei litt av. Seinare fekk dei eit Noregs-kart og orientering, og ein dag var dei borte.

Ein av dei siste dagane fyri kapitulasjonen rodde Anne O. Nordskog og Anne T. Nordskog til Spjotsodd etter posten. Dei ana fred og ingen fare. Då brått small det. Det var ei patrulje tyske soldatar som smelde i veg med automatvåpen. Anne O. fekk eit streifskot i låret. Då snudde dei og rodde mot Strømstad. Tyskarane kom etter.

Dei vart noko flate då dei såg kva dei hadde gjort. Folki på dei tri Nordskogplassane hadde sett på heile dramaet. Anne vart send til Søve, der det var sjukehus på den tid. Ho hev ennå synleg merke etter okupasjonen. Dette var siste skoti av tyskarane i krigen her.

Arne Nordskog